



Innkalling

Utval: FORMANNSKAP
Møtestad: Møterommet
Dato: 11.07.2018
Tid: Kl. 09:00

Solund formannskap er med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
036/18	Skriv og melding	
037/18	Ny aksjekapital og kommunalt tilskot Visit Fjordkysten AS	
038/18	Kommunalt næringslån Sørbu DA	
039/18	Kommunalt næringslån Øybygg AS	

Solund kommune
06.07.2018

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-

Erik Askeland
-administrasjonssjef-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
036/18	Skriv og melding	
037/18	Ny aksjekapital og kommunalt tilskot Visit Fjordkysten AS	
038/18	Kommunalt næringslån Sørbu DA	
039/18	Kommunalt næringslån Øybygg AS	



Arkiv: K1 - 033
ArkivsakID: 18/448
JournalpostID: 18/2247
Sakshandsamar: Sollaug
Steinsund
Osland
Dato: 05.07.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
036/18	FORMANNSKAP	11.07.2018

Skriv og melding

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Oversending av samhandlingsnytt Juni og juli 2018
2	Protokoll generalforsamling 05.06.2018



Arkiv: K1 - 255
ArkivsakID: 17/669
JournalpostID: 18/2008
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 18.06.2018

Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
037/18	FORMANNSKAP	11.07.2018

Ny aksjekapital og kommunalt tilskot Visit Fjordkysten AS

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune teiknar 115 nye aksjar á kr 500,- i Visit Fjordkysten for tilsaman kr 57 500.

Vedlegg i saka:

14.06.2018 Søknad om ny aksjekapital og tilskot 2019 - 2021
14.06.2018 E-post Søknad om ny aksjekapital og tilskot 2019 - 2021
14.06.2018 Avtale tilskot Solund
14.06.2018 Kommunitilskot FjordKysten
14.06.2018 Aksjonæroversikt
14.06.2018 Søknad kapitalutviding Visit FjordKysten
14.06.2018 Teikningsblankett Visit FjordKysten
28.06.2018 Ny aksjekapital og kommunalt tilskot Visit Fjordkysten AS

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Utviding av aksjekapital til vårt destinasjonsselskap Visit Fjordkysten AS.

Saksutgreiing:

Visit Fjordkysten AS er destinasjonsselskapet for kommunane på kysten av Sogn og Fjordane.

Reiselivsnæringa i Norge er i sterk vekst og deler av fylket er fullbooka i sommarsesongen. Turoperatørar og individuelt reisande ser seg om etter nye reisemål, og FjordKysten har gjennom fleire års satsing bygd seg opp med eit utval av opplevingskonsept som er tilpassa etterspurnaden til dei reisande. Fleire reiselivsbedrifter langs FjordKysten opplever i 2018 ein sterk vekst i tal besøkande, og ein byrjar no å sjå gevinsten av fleire års målretta satsing.

Visit FjordKysten AS er i ei akutt likviditetskrise. Årsresultatet for 2017 syner eit negativt resultat på kr 2 182 776,-. Dette vert forklart med mindre prosjektinntekter kombinert med

ekstra lønskostnader i 2017. Den økonomiske situasjonen hausten 2017 har og medført ekstra kostnader til rekneskapstenester og revisjon. 2017 har vore eit ekstraordinært driftsår på mange måtar, og speglar ikkje den normale driftssituasjonen i selskapet.

Styret har i siste del av 2017 og fyrste del av 2018 sett i verk ei rekkje tiltak for å redusere kostnader og utgreie mogelegheitane for vidare drift av destinasjonsselskapet. Mellom anna er det laga ein ny modell for fordeling av dei kommunale driftstilskota. Det er likevel klart at dei ekstraordinære kostnadane knytt til nedbetalingsavtalane med kreditorane gjer at selskapet ikkje vil kunne oppretthalde drifta ut året, om ikkje det vert tilført ny kapital.

Styret meiner og at ein endra inntektsmodell for dei kommunale tilskota og ein auka medlemsmasse gir eit realistisk driftsnivå for selskapet i 2019. Dette gjev rom for ei framtidsretta satsing, der selskapet har nødvendige ressursar til å gjennomføre ønska aktivitetar.

Dersom den nye modellen for driftstilskot vert gjennomført fullt ut vil det medføre at Visit Fjordkysten får auka kommunetilskota med om lag kr 900 000,-. Auken for Solund kommune vil vere på om lag kr 20 000,-, noko som utgjer om lag 12% auke.

Vurdering:

Det er forventa ein sterk vekst i reiselivet i Noreg dei komande åra. Om kommunane på kysten av Sogn og Fjordane skal ta del i denne veksten må vi ha eit lokalt og regionalt apparat som kan jobbe med koordinering av reisemålsutvikling, marknadsføring og vertskap.

Visit FjordKysten AS har etablert seg med gode relasjonar til viktige samarbeidspartar i reiselivsnæringa regionalt og nasjonalt, og til eit breidt utval av turoperatørar. Satsing på reiseliv er eit langsiktig arbeid, og relasjonar og nettverk tek tid å byggje opp, men er kjapt å nullstille.

Administrasjonen ser det som svært viktig å vidareføre drifta av Visit Fjordkysten AS for å sikre ei kontinuerleg utvikling av Kysten som reisemål. Samtidig er det viktig at VisitFjordkysten utviklar seg i takt med trendane i reiselivet.

Dersom selskapet vert avvikla til hausten har ikkje Solund noko alternativ løysing for destinasjonsarbeidet. Å byggje opp ein ny organisasjon vil krevje mykje tid og ressursar. Administrasjonen tilrår at Solund kommune går inn med ny kapital i Visit FjordKysten AS. I budsjettet er det ikkje avsett midlar til denne aksjekapitalutvidinga. I post 801 Tilleggsøyving formannskap, rest til fri disposisjon, er det avsett kr. 100.000,-, dette er midlar som kan nyttast til utviding av aksjekapitalen.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Visit Fjordkysten AS
Medlemskommunane



Arkiv: K1 - 252, K2 - U01
ArkivsakID: 18/318
JournalpostID: 18/1938
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 16.06.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
038/18	FORMANNSKAP	11.07.2018

Kommunalt næringslån Sørbu DA

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver Sørbu DA eit næringslån på kr 300 000,- til investeringar i vidareutvikling av kaianlegget på Nåra med ny kai og lagerbygg.

Lånet er rentefritt og har nedbetalingstid på 5 år.

Vedlegg i saka:

18.05.2018 Søknad om kommunalt næringslån
16.06.2018 Busjett. Sørbu D/A.2018

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Sørbu DA søker om etableringslån/næringslån til investeringar på den gamle ferjekaia på Nåra.

Saksutgreiing:

Sørbu DA søker om kr 300 000,- i lån til investereringar på den nedlagde ferjekaia på Nåra, som selskapet i dag eig. Det er planlagt investeringar i kai, lagerbygg og gjerde for tilsaman om lag 1,5 millionar.

Søklar eig den nedlagde ferjekaia på Nåra. Området vert i dag brukt til base for Nord Solund Fiskeriselskap AS. Det er investert i reguleringsplan for området. Reguleringsplan fiskerihamn Nåra vart godkjent av kommunestyret i desember 2017. Eigarselskapet ynskjer no å investere for å vidareutvikle kaianlegget på Nåra. Selskapet satsar på å leige ut kaiplass og lagerplass til fiskeflåten.

Det er innhenta tilbod på lagerbygg på 18x9 meter og 20 meter ny kai. I tillegg er det tenkt å sikre eigedomen med gjerde. Samla kostnad på investeringane er i søknaden kostnadsrekna

til kr 1 468 530,- kroner.

Vurdering:

Vidareutvikling av Nåra fiskerihamn er positivt for fiskeflåten i Solund. Det er i dag lite tilrettelagde kaianlegg med lagringsplass for fiskeflåten.

Ved å gje eit rentefritt lån kan Solund kommune vere med på å vidareutvikle fiskerinæringa i Solund.

Etter endeleg vedtak utskrift til:



Arkiv: K1 - 252, K2 - U01
ArkivsakID: 18/324
JournalpostID: 18/1964
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 16.06.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
039/18	FORMANNSKAP	11.07.2018

Kommunalt næringslån Øybygg AS

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap løyver Øybygg AS eit næringslån på kr 300 000,- til investeringar og bedriftsutvikling i samband med strukturendring i bedrifta.

Lånet er rentefritt og har nedbetalingstid på 5 år.

Vedlegg i saka:

23.05.2018 Søknad om kommunalt næringslån

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Øybygg AS søker om rentefritt næringslån til investeringar og bedriftsutvikling i samband med strukturendringar og vidareutvikling i verksemda.

Saksutgreiing:

Øybygg AS søker om eit næringslån på kr 300 000,- i samband med omstrukturering av verksemda. Prosjektet er kostnadsrekna til kr 600 000,- og er tenkt gjennomført i perioden 01.07.18 til 01.07.19.

Øybygg vart skipa i 1992 og har sidan drive lager og butikk i Solund næringsbygg. Gründerane til Øybygg har levert tømrratenester gjennom firmaet Byggmester Sigurd Kråkås. Aktiviteten i tømrrarfirmaet vil no falle bort og ein av tømrrarane vil verte tilsett i Øybygg AS. Det vil vere trong for ny kapasitet på handverkarsida, og dei ynskjer å rekruttere ny kapasitet saman med Vestbygg AS, som er ein mangeårig samarbeidspartnar.

Omstruktureringa av selskapet vil vere ein krevjande prosess som krev ekstra arbeidsinnsats og ein del investeringar i utstyr.

Vurdering:

Butikken til Øybygg AS er einaste butikken i sitt slag i Solund. Den leverere tenester og varer som vi elles måtte reise langt for å få tak i. Det er viktig for innbyggjarar, hyttefolk og andre tilreisande til Solund at dette tilbodet finst.

Det er også viktig at tilbodet på handverkaratenester lokalt i Solund vert oppretthalde. For innbyggjarar og næringsliv i Solund er det viktig at det finst lokale aktørar innan tømrratenester m.v.

Med å gje eit rentefritt næringslån kan Solund kommune støtte opp om eit næringstiltak som er viktig for andre næringsaktørar, innbyggjarar og tilreisande til Solund.

Etter endeleg vedtak utskrift til: